



DET KONGELEGE KOMMUNAL- OG MODERNISERINGSDEPARTEMENT

Statsforvaltaren i Rogaland
Postboks 59
4001 STAVANGER

Dykkar ref

Vår ref

Dato

20/4198-14

5. oktober 2021

Utgreiing av grensejustering - Sandnes og Strand kommunar

Vi viser til brev frå Statsforvaltaren i Rogaland 11. august 2021 om eit initiativ frå "Aksjonsgruppa ja til folkeviljen, nei til tvangssamanslåing" om grensejustering mellom kommunane Sandnes og Strand, jf. inndelingslova § 8 første ledd. Aksjonsgruppa søker om at Forsand-delen av Sandnes kommune (tidlegare Forsand kommune) blir lagt til Strand kommune ved grensejustering. I oversendinga til departementet gav statsforvaltaren inga klar tilråding. Det er departementet som avgjer om det skal startast utgreiing på bakgrunn av eit initiativ om grensejustering, jf. inndelingslova § 9 første ledd.

På bakgrunn av innbyggjarinitiativet ber departementet Statsforvaltaren i Rogaland om å utgreie konsekvensane av ei grensejustering mellom Sandnes og Strand kommunar, for området som utgjer tidlegare Forsand kommune. Vi ber statsforvaltaren særleg vurdere om endringa kan handsamast som ei grensejustering, jf. inndelingslova § 3 tredje ledd jf. delegering av mynde til statsforvaltarane etter inndelingslova punkt 1. I oversendinga til departementet skal statsforvaltaren gi ei tilråding.

Om arbeidet med utgreiinga

Utgreiinga skal gi opplysningar om relevante forhold som folketal, areal, geografi, kommunikasjon, pendling, utbyggingsmønster og det kommunale tenestetilbodet. Kommunale og andre offentlege etatar skal gi nødvendige opplysningar og i rimelig utstrekning medverke ved saksførebuinga, på statsforvaltaren si oppmodning, jf. inndelingslova § 9 tredje ledd.

Sandnes og Strand kommunar skal få uttale seg i saka, jf. inndelingslova § 9 fjerde ledd. Kommunane vurderer sjølv om det er nødvendig å innhente synspunkt frå innbyggjarane på

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kmd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kmd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Kommunalavdelinga

Saksbehandlar
Lise Wilhelmsen
22 24 71 99

forslaget om grensejustering, og kva høyringsmetode som eventuelt skal nyttast, jf. inndelingslova § 10.

Statsforvaltaren må leggje til rette for at Kartverket får uttale seg før saka blir sendt til departementet. Dersom statsforvaltaren tilrår ei grensejustering, skal eit klart og eintydig framlegg til ny kommunegrense ligge ved tilrådinga.

Departementet legg til grunn at Statsforvaltaren i Rogaland dekkjer utgiftene til utgreiinga, jf. inndelingslova § 11.

Departementet ber statsforvaltaren orientere initiativtakarane om vidare prosess i saka.

Med helsing

Mari Jacobsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Lise Wilhelmsen
rådgjevar

Dokumentet er signert elektronisk og har derfor ikkje handskrivne signaturar

Kopi

Kartverket
Sandnes kommune
Strand kommune